

STALLEN

Meiningen med denne emnelista er å få fram korleis hestestallen har vore i gamal tid og korleis stalltypen har vakse fram. Vi har kjennskap til fleire stalltypar, men har ikkje oversyn over den geografiske utbreiinga av dei einskilde typane. Det kan og finnast typar vi ikkje kjenner til. Heller ikkje namn og detaljar har vi mykje greie på, serleg gjeld det innreiinga, men og utsjånaden.

På skissene som fylgjer, ber vi Dykk gjera alle rettingar De kan koma på, så sant De kjenner vedkomande typar. Kjenner De andre typar, må De gjera vel og teikna opp dei med, teikna inn glas, møkglugg, krubbe, plass for selar osb.

1. Dersom hesten har hatt sitt eige hus til stall, er det spørsmål om det har vore vanleg med ein eller fleire av dei fylgjande typar, eller om det er bruka andre typar.

- A) Eit tømra einromshus utan høytrev over, med eller utan mokstreglugg (møkaglugg) og med eller utan vindaugo.
- B) Eit liknande hus med høytrev over, ofte med ei sval framfor høytrevet. Korleis kom dei opp på trevet (stige, bru, (kvar var den plassert))?
- C) Eit hus med to rom og dør utanfrå til kvart rom, det eine romet for hesten, det andre for grisen eller sauene. Som regle høytrev over, men ikkje alltid bru til trevet. Dører på langveggen eller gavlveggen.
- D) Eit hus med tre sideordna rom og dør utanfrå til kvart rom, det eine romet for hesten, det andre for grisen og det tredje for sauene. Som regel høytrev over og køyrebru.
- E) Eit hus med køyrebru til romet over hestane og eit fôrrom ved sida av som gjekk frå golv til mønsås.
- F) Eit hus med to rom. Det eine er stallport og det andre stall.
- G) Eit hus som likna ei vanleg løe (ein vanleg låve), med hesten i underlåven, i eine enden eit stort fôrrom og med stallport med fôrrom i andre enden.
- H) Stallen kunne vera i ei større lengje med fleire fôrrom og bru, og kanskje rom for reiskapar, vogner osb. (Ikkje med på planteikningane.)

2. Var det nokon regel for korleis stallen skulle plasserast på tunet (som skilje, i midten eller i utkanten nærare stova enn fjøset eller lenger borte)? Kva lei snudde mønet til tomgarden?

3. Nokre stader har hesten vore i fjøset. Er det regelen på gardar som eig berre ein hest, og sto han i sjølve fjøset eller i skålen (skjulet) mellom fjøs og sauefjøs? Var dette berre ei naudhjelp og ville folk helst ha sin eigen stall?

4. Kunne hesten ha ein liten tømra stall inntil stavløa, eller skulle stallen helst stå for seg sjølv? (Spørsmål 4 gjeld Vestlandet der det finst stavløer.)

5. Korleis var stallen innreidd? Var der krubbe og vasstraug? Namn på krubbe og vasstraug? Var vasstraug ein uthola stakk og kvar sto det, t.d. som skilje mellom spiltaua? Namn på spiltauet? Vi er takksame for ei utførleg utgreiing om det indre av stallen og alle namn, soleis også namn på høytrevet (trev, hjall, hjell, hell, kjell) og namnet på det romet der ein køyrer inn høylasset (stall-låve) og andre rom (stallgolv, stallkammers, rom framfor høytrevet o. fl.).

6. Hadde folk ei serskild løe til høyet åt hestane? Hadde dei eit serskilt rom til det høyet som gøymast til våronna? Kva slag høy fekk hestane? Veit folk å fortelja om at staldrenge passa på at budeia ikkje stal høy åt kyrne frå stall-løa?

7. Har det vore skikk å ha andre dyr enn hestar i stallen, t.d. ein geitebuk? Kvifor?

8. Finst det gamle stallar (og andre uthus) i bygder som folk frå NEG bør koma og sjå på og fotografera og mæla opp?

Vi er elles takksame for riss og foto av gamle stallar.

9. Kan det seiast noko om korleis dei hyste hestar når dei var med i skogen på tømmerkøyning, i utslåttar osv.?

10. Kan det seiast noko om kvar dei hadde framande hestar når det var gjestebod på vanlege gardar?

11. Kyrkjestallar, marknadsstallar


Var det eit eller fleire hus? Korleis var eigedomstilhøva? Gjorde naturtilhøva det slik at einskilde laut ha stallen langt frå kyrkja t. d. dersom brattlende, elv, fjord eller anna låg imellom?



12. Ferdastallar

Fanst det stallar for hestar åt folk som dreiv med køyring for bergverka (kolkøyning o.a.), planke-, varekøyning, køyring inn til byen med gardsprodukt? Dersom slike stallar er borte, kan dei rekonstruerast etter minne? Trur ein at det kan gjerast så nøyaktig at det er verdt at folk frå NEG kjem på staden?



13. Vart det betala stall-leige?

14. Var det bønder eller husmenn som heldt ferdastall? Hadde dei inntekt av betaling for nattlosji åt køyraren, sal av kaffi, øl, brennevin (lovlig eller ulovlig sal)?









E



F 1



G



F 2